

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim

*Du har goder.
Du har muligheter.
Du har valg.
Grip dagen!!!*

FEBRUAR NUMMER 2 - 2017 - 46 ÅRGANG - NYTT STOFF INNAN 14. MARS 2017



KYRKJEBAKKEN
Informasjonsblad for Austrheim sokn

Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

26.februar:

Gudstenestae 26.februar kl 19.00

Per Børge Hillestad

Ferdamann spelar

Fredag 10.03 kl 18.00:

Gudsteneste for alle

Søndag 12.03 kl 11.00:

Per Børge Hillestad.

Søndag 26.03 kl 11.00:

Per Børge Hillestad

Tårnagentar,

utdeling av «Tøffe bibeltyper»

til 2.klasse.



KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

Astrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim

Tlf. 56 16 72 90

E-post: kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no

www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale

Kyrkjevevje:

Bustadtelefonar:

Sokneprest Per Børge Hillestad 93 44 29 19

Kyrkjevevje Leif Arne Økland 40 06 52 31

Organist og kyrkjelydspedagog

Jostein Hauge 40 46 62 11

Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58

Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn

Redaksjonen

Utgjevar: Austrheim sokneråd

Redaktør: Svein T Villanger,

Redaksjon: Øystein Soldal,

Jorunn Kårdal.

Bankgiro: 3490.07.04196

E-post: kyrkjeba@online.no

Adresse: 5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as

Andakt

*Medan han endå var langt borte,
fekk faren sjå han, og han fekk
inderleg medkjensle med han.
Han sprang imot han, kasta seg
om halsen på han og kyste han.
(Lukas 15:20)*

Likninga om den bortkomende sonen
talar til oss alle. Nokre av oss er
bortkomne. Vi har kome oss langt av
garde, langt frå vår far. Vi er opptekne av
alt som skjer "her og no" og prøver å få
mest ut av dette livet.

Paradoksalt nok står vi plutsleg med
tomme hender og vi kjenner på
tomleiken. Det er ikkje noko anna å gjera
enn å svelgja vår stoltheit og koma oss
tilbake til far.

Andre er som den eldste broren, veldig
fornuftige. Vi som var hos far heile tida
og jobba hardt medan den yngre broren
vår brukte opp pengane. Vi som tek
ansvar synest det er ganske urettferdig når
den yngre broren vår kjem heim frå all
sløsinga han har gjort - og så får ein varm
velkomst. Det er skikkeleg irriterande.
Skulle ikkje den yngre broren vår fått seg
ein lærepeng? Den eldste broren var hos faren heile tida
men kjende ikkje hjarta hans.

*"Medan han endå var langt borte, fekk
faren sjå han, og han fekk inderleg
medkjensle med han."*

Faren klarte ikkje noko anna enn å
springa. Han måtte berre trøysta, klemma,
dekka over sorg og skam. Plutsleg var
den yngste broren så mykje nærare enn
den eldste broren nokon gong har vore.


Nokre gonger er vi som den yngste sonen,
andre gonger som den eldste men vi alle
er kalla til å ta imot pappa's kjærleik. Den
nåden når oss lettast når vi er audmjuke.
Lukkeleg er de når de sørgjer, når de er
såret for de skal få trøst, seier Jesus.

Til den eldste sonen seier faren: Son min,
du er jo alltid hos meg og alt mitt er ditt.
Midt i festen tek faren tid til å møta òg
den eldste sonen: Bli med i festen. Det
er nok til alle. Mest av alt handlar denne
historia om Faren. Likninga om den
barmhjertige Faren.

Kanskje kjenner du at du er langt
vekke? Du hugsar kanskje tider då du
var nærare Far enn du er no? Kjenner du
på heimlengsel? Kanskje er du som den
eldste? Fornuftig og sterk. Har du gløymt
at du treng din himmelske Far? Han vil ha
deg og med på festen.

**Kven av dei to personane
er du?**

Wilco
Vogelaar





Kyrkjebøkene i Austrheim

Døpte

15.01.17 Emre Marøy Arentsen,
Jenny Runshaug Gjelsvik
Tiril Støldal
Trym Fernandez
Nora Eline Austrheim *døpt i Bremnes kyrkje*



Gravlagde

07.02.17: Elisabeth Marie Hoff f. 1951



Utgjevingsplan Kyrkjebakken 2017

	LEVERINGSFRIST	KB KJEM UT
Nr. 03/17	14. mars	30. mars (påskenummer)
Nr. 04/17	04. april	27. april (siste før sommeren)
Nr. 05/17	15. august	31. august (første etter sommeren)
Nr. 06/17	12. september	28. september
Nr. 07/17	10. oktober	26. oktober
Nr. 08/17	14. november	30. november (julenummer)

terje kleppe og gospelcompagniet m/band



Foto: Anne Boge

austrheim kyrkje 19.mars kl.1900



denne kvelden presenteres
favorittene fra trippel-cd'en
«salig blanding»

billetter
selges ved inngangen
kr. 200

forhåndssalg på austrheim
kyrkjelydskontor fra 6.mars

velkommen!

cd'er selges etter konserten



Møtedatoar våren 2017:

- 1. mars kl 19.30 (sjå annonse) - Årsmøte
- 22. mars (møtet 29.mars går ut) Medlemsmøte.
- Søndag 26. mars kl 16.00. Basar
- 26. april: Medlemsmøte.
- 24. mai: Sommarkaffien på seniorsenteret.

Samling for born

Søndagsskvelden (tidlegare søndagsskulen)
inviterer til samling for born frå 6 år og oppover.
Yngre born kan kome i lag med vaksen.
**Me syng i lag, høyrer ei bibelforteljing
og har leik eller aktivitet til slutt.**

Samlingar i vår blir
29 januar, 12 februar, 12 mars, 2 april, 7 mai og 21 mai.

stad: Årås Bedehus. Kl 18-19.

**Vel møt
Helsing leiarane**



VELKOMMEN TIL SLØYDKURS

Løloftet/ Mathias Sætre
FEM ONSDAGAR

Frå 5.klasse
Påmelding : 91379306

Oppstart: 9. februar 2017
KL.17.30 – 19.30

*Årås Sanitetsforening
og Vesttun Gard*



Loppemarked

STED: AUSTRHEIM SAMFUNNSHUS
3. MARS 2017, KL 11.30 - 15

Lopper og kafe – kun kontanter

Innlevering: fredag 3. mars kl 17 – 19
Tar imot duker/ gardiner, ikke klær.
Kontaktperson: A. Lohne 569169382/91807436



Arrang.
Eierlagene av Samfunnshuset

ÅRÅS BEDEHUS

Søndag 05. mars	kl 11:00,	Formiddagsmøte, Christian Skoge talar. Nattverd
Tirsdag 7. mars	kl 19:00,	Årsmøte Austrheim Indremisjon
Søndag 19. mars	kl 11:00,	Formiddagsmøte, Øyvind Samnøy frå NLM talar.
Tirsdag 21. mars	kl 19:00,	Bønnekveld
(Fredag 31. mars		Indremisjonsbasaren på Litlås.)
Tirsdag 4. april	kl 19:00	Bibeltime v/Helge Keilegavlen.
Søndag 9. april	kl 11:00,	Formiddagsmøte, Odd Sverre Hove talar.

Austrheim sin eigen flygande hollendar

Du har kanskje sett han, ein litt lang og hengslete kar «klett flygande» med ein gitarkasse i handa, for liksom å halda han nede på bakken, på veg frå eitt arrangement til anna. Wilco vert han kalla, sjølv om det står Willem i passet hans.

Wilco jobbar 30 % i kyrkja i Austrheim, med trusopplæring for barn og unge. Elles har denne kreative karen mestedelen av arbeidet sitt i kyrkja på Radøy, som trusopplærar der. Konfirmantane har sett ein god del til han dei siste par åra. Det same har barn i ulike aldrar gjort, enten det er med tårnagentar eller «lys vaken» samling i kyrkja eller møte med barn i barnehagane.

Wilco er reisande i «Gudsrikeleiken» - ein særreigen metode for å formidla dei grunnleggjande bibelforteljingane på. Gudsrikeleiken fungerer like godt som forteljarmetode enten det gjeld i møte med konfirmantane eller barn i førskulealder. I Gudsrikeleiken vert barn og unge sjølve involverte i forteljingane, der det vert gitt rom for undring og kreative evner. Wilco skal denne våren ha ansvaret for tilsaman 11 påske og pinseforteljingar for 5 åringane. Følg med; her er det berre til å melde seg på. Wilco er oppvaksten i Nederland i ein kristen familie. Han har vore van med å gå i kyrkja om søndagen. Då han var 17 år gamal vart han invitert av ein kompis til å vera med på ein kristen leir. På leiren leste han i Johannesevangeliet og opplevde at orda han las omtrent hoppa ut av boka.

Han opplevde å få ein kjærleik inn i livet sitt som han ikkje hadde kjent på før.

Wilco har studert sosialpedagogikk i Nederland og har tidlegare jobba i rusomsorga, både i Nederland og i Norge. Han har gått på bibelskule i ein organisasjon som heiter Ungdom i Oppdrag i Nord Norge. Etter det jobba han på eit fiskemottak i Honningsvåg, der han traff kona si; Berit Karin frå Radøy. Dei bur på Toska og har 4 born i alderen 5 til 11 år. Både han og Berit Karin gjekk vidare på bibelskule i Ungdom i Oppdrag for å kvalifisera seg til å bli misjonærar. Dei har vore i Niger og drive med både evangelisering, brønnpjrosjekt og mikrofinans. Det vart svært mykje jobbing. Dei velde likevel å avslutta prosjekta sine etter vel eit halvt år i Niger, då eldste dottera vart sjuk. Det vart utfordrande å skulle bu i eit land med minimal tilgang til medisinar og helsestell. Dei velde då å flytta tilbake igjen til Norge og Toska. Der arbeidde han nokre år i rusomsorga ved Bergen kontaktsenter og i eit bufelleskap for menneske med utviklingshemming. Etter ein del fram og tilbake søkte han på stillinga som trusopplærar med base på Radøy. Sidan Wilco har vakse opp i ein annan kristen tradisjon har han meldt overgang til den norske kyrkja. Det har likevel ikkje hindra han i å laga ei barnebok om Luther, i samband med Lutherjubileet no i 2017. Utgjevinga av denne er like rundt hjørnet og vil bli omtalt i eit seinare nummer av Kyrkjebakken.



Eigedomsskatt på verk og bruk og anna næring for år 2017

Austrheim kommune har i kommunestyremøtet den 15. Desember 2016 vedtatt eigedomsskatt på verk og bruk og anna næring gjeldande frå 01.01.2017 j.f esktl§1.3 ledd bokstav d.

Eigedomsskatten er fastsett til 7 promille j.f. esktl § 4.10.

Skatteliste for eigedomsskatt på verk og bruk og anna næring vert lagt ut til offentleg ettersyn i Servicekontoret på Kommunehuset i 3 veker frå 1. Mars 2017. j.f. esktl § 15.

Eigedomsskatten skal betalast i 2 like terminar.

1 Termin forfell til betaling 03.04.2017.

2 Termin forfell til betaling 02.10.2017.

Bruk tilsendte innbetalingskort ved betaling.

Eigedomsskatten skal betalast til fastsett tid og med dei beløp som først er fastsette, sjølv om det er sendt inn klage over utskrivinga eller utskrivingsgrunnlaget, eller de står til prøving for ein klageinstans eller domstolane, jf.esktl. § 25 (3).

Skattytar som meiner at utskrivinga er urett, kan klage på den utskrivne eigedomsskatten.

Klaga må gjevast inn skriftleg til eigedomsskattekontoret innan seks veker frå det seinaste tidspunktet av den dagen det vart kunngjort at eigedomsskattelista var utlagd eller skattesetelen vart sendt , jf.esktl. § 19.

Klage over verde kan bli fremja kvart år i samband med den årlege utskrivinga, dersom det ikkje er klaga over same grunnlag tidlegare år i samsvar med esktl§ 19. første ledd tredje setning.

Skriftleg klage på utskrivne eigedomsskatt vert å senda til :

Austrheim kommune
Sætre marka 2
Eigedomsskattekontoret
5943 Austrheim

Austrheim kommune
Eigedomsskattekontoret



Gjervarteneste i Austrheim Kyrkja

Blir du med på å gje kyrkjelyden vår enno eit løft?

Dette er nesten som ei direkte utfordring til alle som er glad i kyrkja vår i Austrheim og som synes arbeidet blant born og unge i grendene våre er viktig. Austrheim Sokn har alt fleire faste gjevarar som kvar månad sender nokre kroner som støtte til arbeidet kyrkja driv.

Soknerådet har som mål å satse enno meir på å byggje kyrkjelyden og ein av måtane å gjera dette på er å tilsette ein kyrkjelydsprest som saman med Per Børge, Jostein, Leif Arne, Wilco og alle dei frivillige skal arbeide målretta med barne- og ungdomsarbeid. Også andre områder innan kyrkjelyden vil nyte godt av ei ekstra stilling. Alt no har dette arbeidet starta opp gjennom dramagruppe, orkester, skulering av unge leiarar og på fleire andre områder. No er det Per Børge, Jostein og Wilco som i all hovudsak har dette arbeidet,

men deira tidsressursar strekk ikkje heilt til. Eg trur mange av dykk tenkjer med stor glede tilbake til den gongen Ottar m.fl hadde ungdomsklubb på meieriet på Austrheimkaien, på tida på 70, 80 og 90-talet då ungdomskoret Helgaljod blomstra med over 80 sangglade ungdommar på det meste. Dette har satt sine spor hjå mange og fleire av dei har uttrykt ting som:

«Utan Helgaljod hadde eg nok ikkje vorte prest»

«Utan det arbeidet som vart drive og det fellesskapet vi hadde ville eg nok ikkje vore ein kristen i dag»

«Eg vart nok misjonær på grunn av det eg fekk oppleva i Helgaljod og det ungdomsarbeidet som vart drive i kyrkja i Austrheim»



Og vi hugsar med glede tilbake på tida då Børge Ryland var kyrkjelydsprest her hjå oss, og kva han og familien betydde for lokalsamfunnet.

Vi kan riktig nok ikkje berre sjå oss attende, men vi vil prøva å gje den oppveksane slekt eit godt og kristen miljø å ferdast i, og då treng vi ekstra ressursar inn.

Eit tankeekspriment:

Om ikkje meir enn 50 personar i Austrheim gjev 1000 kr i månaden har vi 600.000 kroner i året – og det held til ei prestestilling. Vi ser dette som eit 3 årig prosjekt, og difor vil det vera bra om dei som vil vera gjevarar kan vera innstilde på denne tidshorizonten. Kanskje vil Fedje Sogn bidra med 25% slik at dei også får utvida stillingar hjå seg.

Ei anna grunngjeving for denne gjervartenesta er at Kyrkja har gått inn i ei ny tid der staten ikkje vil bidra på same måte økonomisk, og Biskop Halvor Nordhaug har oppmoda både vår kyrkjelyd og alle andre til å satse enno meir på gjervartenesta.

STATUS:

- * I dag har vi 8 faste gjevarar i Austrheim sokn
- * I 2016 kom det inn i overkant av 40 000 kroner
- * På fondet der pengar samla inn over fleire år står det pr. 1/1-17 kr. 105.011

MÅL:

50 faste gjevarar
Innsamla totalt 500.000 kr i 2017
Er det mogleg?
Vi trur på det om fleire samlar seg og vert med. Og ikkje minst ved at mange kan vera med på å be for gjervartenesta, be for arbeidet blant born og unge, og be for kyrkjelyden.

Om du vil bli gjevar tek du kontakt med kyrkjevevjerje
Leif Arne Økland på tlf. 56167290 eller epost: kyrkjevevjerje@austrheim.sokn.no så vil han hjelpa deg i gang.

PS! Utviklinga kan du fylgja her i Kyrkjebakken.
Har du spørsmål tek du kontakt med kyrkjevevjerje eller leiar i Soknerådet Helge Dyrkolbotn, mob. 41662610





MASTREVIK TORG - EIN TRIVLEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583



Til sammen har vi 3 815 års erfaring med bilservice i Norge.



Rune Austrheim Fosløy Bilcenter AS

Velkommen til Bosch Car Service!

Verkstedet vårt rommer all den erfaringen og kunnskapen som finnes i en av verdens største uavhengige verkstedskjeder. Hos oss kan du få hjelp med alle typer reparasjoner og service for samtlige merker. Bosch har jo også utviklet over halvparten av teknikken i bilen din. Så hvem tror du er den beste til å utføre service på den?

www.fosbilcenter.no

Vi gjør alt for bilen din.



Fosløy Bilcenter

Tlf: 56 16 75 50



Mastrevik

DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



MINI FRISØRSALONG

Ønsker velkommen til gamle og nye kunder. Vi treffes på Årshøgda 10.



Timebestilling:
Mandag, Tirsdag, Torsdag og Fredag.
Onsdag er stengt
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko

Tannlege
Otto Førde
i Mongstadkrysset



Jeg tar imot nye pasienter og yter akutt hjelp.

Telefon vakt 56 16 98 35



Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggbøe@online.no

Vatne Begravelsesbyrå



Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Ring døgnvakt:
56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

Gravminner

Norsk design og produksjon. Se utvalg på: www.oienstein.no Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

HOVUDBIBLIOTEKET:

Måndag og onsdag kl. 14.00 -19.00
Tysdag og fredag kl. 10.00 -15.00
Tlf.nr. 56 16 20 07

E-post: bibliotek@austrheim.kommune.no

FONNES FILIAL:

Torsdag kl. 14.00 -19.00
Tlf.nr. 56 16 83 11



E-post: fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no

God bok

BASSENGET PÅ KALAND:

Garderobane og bassenget på Kaland skule skal gjennom ei større renovering og det vert dessverre ikkje tilbod om offentleg bading framover.

Arbeidet kjem til å halde fram utover i dette skuleåret.

ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

1/1 side + bakside	kr. 1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-
Korte takkeannonser er gratis.	

LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgeret.
Legevakt 116117

Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00
Opningstider for publikum:
Kl. 08.30 - 15.00.
Telefontid: **08.30 - 12.00** og
13.00 - 15.00.

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

Årås helsestasjon

Åpningstider for publikum:
kl **08.30- 15.00**
Helsesøster tlf. 56 16 82 11
Jordmor:
tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)
Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:
56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

• Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

• Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no

Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking,
rensing
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887



Giving Hope To A Child (GHTAC)

Giving Hope to a Child har grunna lovendring i Liberia om drift av barneheim, beslutta å endre planane for humanitær hjelp til barn i Liberia. Framfor å bygge barneheim vil vi no finne andre prosjekt som kan hjelpe mange born – vårt første prosjekt er støtte til Vartekeh barne-skule som åpna i september kor vi gir skule-pengar til dei som treng det mest og planlegg å finansiere eit solcelleanlegg til skulen som neste prosjekt.

- Teikne deg som fadder (Sjå heimesida)
- Teikne deg som gjevar gjennom Norsk Tipping si grasrotordning.
- Gje ei eingongsgåve, konto 3632 57 54065

For meir informasjon sjå heimesida vår:
www.givinghope.no eller GHTAC på facebook.

Rolf Maurseth
Styreleiar

Stine B. Karlsen
Styremedlem

Tove Odland
Styremedlem

Jenfrid Stellberg
Styremedlem

Jusu Gyflan
Styremedlem

Ole Moen
Forretningsfører

Gudsrikeleiken

Vi er glade for å kunne invitere barnet ditt til bibelforteljingar i kyrkjelydshuset på Austrheim. Gudsrikeleiken er ein "leikande" måte å formidle bibelforteljingar på. Metoden har vorte utvikla over lang tid og har røtene sine heilt tilbake til Maria Montessori.

Gudsrikeleiken er "multi-sensorisk", dvs. at alle sansane er stimulert for å lære. Norsk Lærer Akademiet (NLA) har henta Godly Play (Gudsrikeleiken) til Noreg og tilpassa den til norske tilhøve og Den norske kyrkja.

Denne vår skal vi høyre mange fine forteljingar om Jesus. Den første samling er 9. mars. På websida kan du laste ned hele program til våren 2017.

**SAMLINGANE ER I
KYRKJELYDSHUSET PÅ
AUSTRHEIM.**

**Alle dei som fyller 6 år i 2017 får
inbydelse i posten.**

**Påmeldingsfrist er 5. mars.
på www.kyrkja.no/austrheimkyrkja**



LERVÅG BEDEHUS

Menigheten Betania Lervåg

Søndag 26.febr kl 11:00 **Misjonsmøte:** Gunnveig og Ernst Knutsen

Søndag 5.mars kl 11:00 **Møte:** Geir Talberg *Søndagsskole Nattverd*

Torsdag 9.mars kl 19:00 **Menighetens årsmøte**

Søndag 19.mars kl 11:00 **Møte:** Linda Nærøy

Ungdomskvelder

Fredag 3.mars kl 19:30

Fredag 17. mars kl 19:30

Fredag 31.mars kl 19:30

fra 7.klasse

Bønnesamlinger

Onsdag 1.mars kl 19:00

Onsdag 8.mars kl 19:00

Onsdag 22.mars kl 19:00

Onsdag 29.mars kl 19:00

Min salme av Per Lerøy

Eg har vorte oppmoda om å plukka ut ein salme som eg tykkjer om og knyta nokre ord til denne. Oppdraget var ikkje enkelt, for me har eit rikt utval av fine salmar, men etter å ha vore i tenkjeboksen nokre dagar, landa eg på «Å leva, det er å elska». Dette er ein salme som vert nytta både i bryllaup og gravferder. Det er først og fremst teksten i denne salmen som gjer at dette vert min salme. Teksten er enkel og budskapet tydeleg og klår. Eg føler at denne salmen gir klare signal om kva som

er viktig i livet og kva me skal leggja vekt på i vårt virke. Etter mi meining passar teksten særleg godt for oss folkevalte som skal vera ærlege og skikkelege ombodspersonar for innbyggjarane våre. «Å leva, det er å elska» lærte me oss tidleg i barneskulen, men for min del er det først i vaksen alder at eg heilt har forstått djupna i teksten. Salmen vart skriven av Andreas Vassbotn i 1893. Han var frå Volda, var diktar, lokal- og rikspolitikar og gardbrukar.

Å leva, det er å elska
det beste di sjel fekk nå,
å leva, det er i arbeid
mot rikare mål og trå.

Å leva, det er i livet
å finna det største verd,
å leva, det er å vinna
til sanning i all si ferd.


Å leva, det er å leggja
all urett og lygn i grav, å leva,
det er som havet å
spegla Guds himmel av.



BARNAS SIDE

Hjelp Krister Grønkrabbe

Han må finne ut kvar forureininga i Paradisbukta kjem frå. Kva for eit rør må han følgje?




Fargelegg

Jesus elsker alle barna!



Finn 5 feil

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Teikning: Kari Sortland

Abonner på barnebladet

BARNAS

16 blader + DVD eller bok
= berre 365,- (privatabonnement heim i posten)

Gruppeabonnement berre 199,- per barn

Bibelteikneseriar og gøyale aktivitetar!

Perfekt som faddergåve!